

John Erik og Irene K. Foer

Det vert vist til dykkar brev datert 31.08.2014, stila til Kultur- og ressursutvalet v/regionalavdelinga.

Det har tatt lang tid før de får nokon respons på brevet dykkar. Dette har samanheng med at denne type henvendingar av kapasitetsgrunnar ikkje har prioritet.

Det er ikkje praksis i plansaker å leggja fram innspel frå einskildpersonar eller interessegrupper for kultur og ressursutvalet (KURE). Slike innspel skal koma inn gjennom planprosessen og vurderast ved utforminga av planen.

Når kommunen har utarbeidd forslag til kommuneplan og sender dette til offentleg ettersyn gjev mellom andre Hordaland fylkeskommune uttale. Denne uttalen vert etter delegasjon handsama av Kultur- og ressursutvalet.

Som eit ledd i prosessen vert forslaget til arealdel av kommuneplan for Fusa kommune, før det er ferdig utarbeidd, handsama i regionalt planforum. Fusa kommune skal etter eige ønske møta her 25.11.2014. I regionalt planforum møter kommunen fylkeskommunen og representantar for dei statlege organ som seinare skal uttalar seg til planen, og som kan gje motsegner, dvs. stoppa planen. Kommunen kan i dette møtet få råd og avklaringar på kva som bør vektleggjast og kva som kan resultera i motsegner. Dette for å gje støtte til kommunen med å utarbeida gode planar, og planar som ikkje vert stoppa av motsegner. Nedbygging av matjord vil gjerne vera eit tema som vert omtalt i regionalt planforum.

Elles er mitt råd at det er i prosessen i kommunen ein bør få fram sine argument, og eventuelt informera lokale politikarar direkte. Som lobbyist for ei sak kan ein og venda seg til fylkespolitikarane i KURE for å gjera dei oppmerksame på moment i saker dei skal ta stilling til.

Venleg helsing
Per Nordmark
seniorrådgjevar, planseksjonen, regionalavdelinga